

Nær på 12.000,- i inntekt på panting og vaffelsal.

09.04.2018



Det var god stemning og mange flasker som skulle på plass i automaten. På bilete ser vi: Celine, Åsne, Saima og Selma. Sigurd Børve i bakgrunnen hjelper til med det tekniske.

Panteaksjonen og vaffelsalet er avslutta. Innsamlinga gav tilsaman ei inntekt til fotballaga J14 og G14 på kr. 11.800,-. Jentene, gutane og foreldra er godt nøgde med aksjonen og takkar alle for god mottaking og god støtte. Inntekta er ei god støtte for å dekkja kostnaden med deltakinga på Norway Cup i Oslo.

I ei melding frå leiargruppa kjem det fram at ungdomen gjorde ein framifrå jobb med innsamling og registrering i automaten på SPAR. Sara Arnesen vil særleg takka Sigurd Børve og SPAR butikken for god hjelp og rettleiing med å bruka automaten og få alt på plass i sekker.

Det var ein fin blanding av jenter og gutar som var med på innspurten i helga. Takk til alle som samla pant, sette til sides og venta på at ungdomen kom på døra for henting. Aksjonen vart også støtta av interesserte frå andre bygdar. Resultatet frå innsamlinga gjer det mogeleg å gjennomføra turen til Norway Cup der Uskedalen stiller med to reine lag for fyrste gong.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Sara Arnesen



Flaske på flaske skal på plass for registrering. Asne og Saima gjer ein god jobb.